

## SPØRSMÅL TIL HOVEDUTVAL FOR KULTUR, IDRETT OG INTEGRERING 17.11.21

### OM «MENNESKE I LIMBO» I VESTLAND FYLKE.

I fylgje UDI budde det pr. desember 2020 offisielt 729 ureturnerbare menneske utan opphaldsløyve i Norge. Desse synleg irregulære immigrantar blir gjerne kalla «dei papirlause» eller «menneske i limbo». I seinare tid er det avdekka at her er det store mørketal. Dette har etter kvart skapt ei rekkje sosiale, psykiske og andre helsemessige utfordringar. Som ureturnerbar og papirlaus har du likevel rett til å bu på asylmottak med minimumstilskot for å overleve. Men dei har ingen rett til verken norskundervisning, utdanning, arbeid eller helsehjelp utover øyeblikkeleg hjelp.

Spørsmål:

Har Vestland fylkeskommune ein oversikt over talet på synlege irregulære immigrantar i Vestland, kor er dei plassert - og kva handlingsrom har fylket for å betre deira situasjon?

Helsing Terje Kollbotn (Raudt)